

## Munan Øvrelid - Fugl far tall, øyne hånd, stein vann vind Trøndelag Senter for Samtidskunst 4. – 24. juni 2015

Munan Øvrelid's utstilling «*Fugl far tall, øyne hånd, stein vann vind*» handlar om å sjå og å sansa gjennom registrering, avtrykk og material, i eit spenn av teknikkar frå matematikk til maleri, fotografi, lyd og grafikk. Der er grafar og komposisjonar utanfor menneskeleg kontroll og perspektiv, objektiv matematikk, unike relasjonar og naturalistiske maleri. Der er òg noko ukjent, men grunnleggande og noko som ein ikkje kan halda fast, men berre oppleva i augeblikket.

I verket «Foss, fjell, stein, hav, vind, Seydisfjordur mai-juli 2014» har Munan latt naturkreftene skapa lyd og bilete gjennom tre koparplater, ei vart senka utfør eit stup i vind, ei ned i ein foss og den tredje i bølgiene i havet. Rørslene mellom det sensitive metallet og vatn, vind, stein og fjell har forma komposisjonar som så er trykte til grafiske bilete. Vibrasjonane i platene er tekne opp med kontaktmikrofonar. Lyd- og vindstyrkane er målte og tala er gitt fargar frå stein, jord og planter på stadene.

I installasjonen «Fugler, far og matematikk, Balbakken oktober 2012 – april 2013» er fuglar og vår registrerte gjennom ein vinter av far til kunstnaren. Han er ein pensjonert matematikar som har flytta på hytta og starta med fuglekikking og teljing, i tillegg til sine komplekse variablar. Aktivitetar og liv rundt eit tre i sju månader dannar grunnlag for ein graf i stål, ein serie tusjteikningar, eit fotografi, tresnitt frå stamma til treet og grafiske trykk frå plater frå bakken under treet. Ved at tal på fuglar er gjort om til tid og kvar art har fått sin farge, er nummera introdusert inn i ei materiell verd igjen, i livlege møte mellom farge, vatn og papir. Tal på fuglar og fuglelydar er òg brukte som utgangspunkt for eit lydarbeid i sju komposisjonar etter logiske system produsert i lag med Marcellvs L.

Verka i utstillinga er ulike i vesen og skapar ein underleg skala av observasjonar og registreringar, der mennesket berre spelar ei av rollene. Matematikken kan syna oss samanhengar vi ellers ikkje sansar eller har oversikt over, men her vert den kunnskapen løyst opp i sine eigne strukturar eller i material, for å komma forbi attkjenning og kategoriar, og kanskje nærare det som er. Nokre prosessar startar med tal eller endar opp i tal via direkte avtrykk av møte mellom material og krefter i naturen. Pigment løyser seg opp i vatn som drar det oppover på papir, og vind og vatn slår metall mot stein. Dei grafiske trykka er laga utan rasjonell avstand, dei er direkte registreringar av vår, vekst, vind og dyreliv. Er komposisjonane i bileta tilfeldige, sidan det ikkje er eit skapande subjekt som direkte styrer? Eller er der vilje eller meining i materiala sine eigenskapar og i kreftene i naturen? Finst der andre strukturar bak det vi sansar eller i ting?

Det finst ingen lover eller rasjonelle svar på meininga bak alt, og kanskje er det det som er det rasjonelle svaret, fråværet av eit positivt svar. Kanskje er den konstante endringa den grunnleggande samanhengen vi finn. Sjølv om fossen flyt og sprutar avgarde og aldri er lik, ser vi den òg som ein fast storleik. I antikken kom Zeno fram til at rørsle i seg sjølv er ein illusjon, for om ein deler tida opp, kan ein ikkje røra seg mellom dei minste delane, for mellom dei er der inga tid igjen til å bevega seg i. Bergson snudde det på hovudet og sa at alt det resonnementet syner oss er at ei rørsle ikkje lar seg måla og ikkje kan delast opp i punkt.

Verda er nok ikkje heilt lik sansingane og opplevingane vi har av den, men det er kanskje heller ikkje slik at ting er av ein heilt annan natur enn dei inntrykka dei gjer oss. Bergson seier at materie er ei samling av bilete, ein slags eksistens der objekt eksisterer i seg sjølv, men og samtidig er bilete i seg sjølv, og i vår sansing.

«Hånd, katt, hånd, sommerfugl» er tre maleri og ein lydinstallasjon. Hender har klappa kattar og malt sommarfuglar. Maleria nærmar seg sommarfuglar med auger på vengene gjennom ein svært nyansert og detaljert malararbeid. Vi høyrer innsida av to kattar som meler mens hjarta deira slår, mens det er som om noko bak sommarfuglane i maleria stirrar attende på oss. Dei tvitydige bileta er både sommarfugl og andlet på ein gong, i det dei rører seg mellom maleri og vesen, mellom objekt i verda og i vårt indre, mellom tiltrekking og fråstøyting. Sjølv om vi forstår korleis den optiske illusjonen oppstår, skapar den ei kjensle av at noko meir er tilstades. Det tvitydige kan verka umogeleg, men kanskje er det del av sanninga, at alt er fleire ting på ein gong, at der dermed finst ei uavgrensa opning. For kva er dette blikket som ser? Er det oss sjølve vi ser i augene, i mønster på venger, på sommarfuglar, i maling? Og ser kanskje noko ugripeleg frå maleriet seg sjølv samtidig, gjennom oss, gjennom våre auger og i vårt medvit? Og kanskje er dette, paradoksalt nok, vår eiga sansing som tek del i den ytre verda.

Ting er unike i augeblikket, der dei stig opp frå eit uobjektifiserbart djup mot vår erkjenning og kunnskap, mens vi tel dei. Det tek havstraumane 500 år å gå rundt jorda, vinden drar lufta rundt kloden i løpet av 18 månader, karbon vi har pusta ut kan no vera del av eit tre i sørlegare strøk der trekkfuglane held til om vinteren, vatnet i fossen har regna ned på heilt andre stader tidlegare og vore del av organismar og kroppar. Verda er i vårt medvit og i vårt språk, men samtidig er vi, medvitet og språket òg del av verda.